



Fylkesmannen i Hordaland
Postboks 7310
5020 Bergen

Referanser:

Dykkar:

Vår: 14/1674 - 14/23506

Saksbehandlar:

Knut Bjørnevoll

KBJ@lindas.kommune.no

Dato:

20.10.2014

Oversending av vedtak til klagevurdering - gbnr 119/12 Sundsbø - naust m m

Saka gjeld søknad om riving og oppattbygging av naust og legalisering av oppført kai, flytebrygge og grillhytte.

Gjeldande plan er kommuneplan av 2011. Arealbruken i kommuneplanen er LNFR på land og NFFF i sjø. Tiltaket krev dispensasjon frå kommuneplanen og byggeforbodet i strandsona.

Vi gjer merksma på feil i dokumentet «sakspapir»: Det manglar ei overskrift over teksten «vedtak 1». Der skal det stå **Rådmannen sitt framlegg til vedtak**. Det endelege vedtaket kjem lenger nede i teksten, på side 2 – 4:

Plan- og miljøutvalet sitt vedtak - sak 119/14 frå møte 01,10,2014

PM - vedtak:

Vedtak 1:

Med heimel i plan- og bygningslova (pbl.)§ 19-2 og grunngeving av Plan- og miljøutvalet vert søknad om dispensasjon frå pbl 11-6 (kommuneplanen) og pbl 1-8 (forbod mot bygging i strandsona) delvis godkjent.

Dispensasjonen omfattar:

1. Riving og oppattbygging av naust som omsøkt.
2. Legalisering av eksisterande kai og flytebrygge med landgang.

Grunngeving for dispensasjonen er at tomten og sjøarealet er frå før godkjent med naust og med opptrekk og fortøyningsinnretning. Naustet har behov for opprustning. Flytebrygge gjev naudsynt tilgjengelegheit

Post

postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 1503 22 54567
Org.nr. 935 084 733

for tiltakshavar og ålmenta til naturområdet, da tilkomst er via sjøvegen.

Plan- og miljøutvalet ser etter å ha vore på synfaring at tiltaka i denne saka har større fordelar enn ulemper jmf. §19-2.

Dispensasjonsvedtaket skal sendast til Fylkesmannen i Hordaland og Hordaland fylkeskommune til klagevurdering.

Vedtak 2:

Kommunen gjev løyve til tiltak på land og i sjø, jf plan- og bygningslova (pbl) 20-1.

Det vert gjeve fritak frå krav om ansvarsrett (Pbl §23-1, siste ledd).

Løyvet omfattar:

1. Riving og oppattbygging av naust som omsøkt.
2. Godkjenning av kai og flytebrygge med landgang som omsøkt og utført.

Løyvet vert gjeve på følgjande vilkår:

1. Bygningen skal byggjast, innreiast, utstyrast og brukast som naust. Naustet skal ikkje ha innlagt vatn eller avløp.
2. Tiltakshavar skal sjå til at arbeida blir gjennomført i samsvar med gjeldande lov og regelverk. Ikkje noko arbeid må utførast utover det som er omfatta av løyvet.
3. Dette løyvet, med dei kart og teikningar det vert vist til, skal alltid vera tilgjengeleg på byggeplassen. Eventuelle endringar må søkast om og godkjennast av kommunen før dei kan gjennomførast.
4. Plassering av naustet skal dokumenterast med ny målsett situasjonsplan før ferdigattest, eventuelt mellombels bruksløyve vert gjeve, jf plb § 21-10.

Løyve til tiltak er gjeve i medhald av plan- og bygningslova og gjev ikkje utan vidare rett til å bygga i høve til anna lovverk eller privatrettslege forhold, jf pbl § 21-6. I tillegg til dispensasjon og løyve etter pbl., må det ligga føre *løyve til tiltak i sjø etter lov om havner og farvann* (Bergen og Omland havnevesen).

Arbeida må vera sett i gang seinast 3 år etter at dispensasjon og løyve er gjeve, elles fell løyvet bort. Det same gjeld dersom arbeida er innstilt i meir enn 2 år, jf pbl § 21-9. Fristen kan ikkje forlengast.

Vedtak 3:

Med heimel i plan- og bygningslova § 19-2 og grunngjeving i saksvurderinga vert søknad om dispensasjon frå pbl § 11-6 (kommuneplanen) og pbl §1-8 (forbod mot bygging i strandsona) for legalisering av ulovleg oppført grillhytte avslått.

Riving av grillhytte må være utført, før ferdigattest eller mellombels bruksløyve for naust vert gjeve.

Som grunngeving for vedtaket vert det vist til saksutgreinga og vurderinga.

Klage

Vedtaket kan påklagast til kommunen, jf. Lov om offentleg forvaltning.

Klagefristen er 3 veker rekna frå den dagen De mottok vedtaket. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til etaten som har gjort vedtaket. I klagen skal det gå fram kva som vert påklaga (vedtak) og kva endringar De som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast.

Vilkår for å reise sak for domstolane om vedtaket:

Partane vert med dette gjort merksam på at søksmål om gildskapen av vedtaket eller krav om erstatning som fylgje av vedtaket, ikkje kan reisast utan at vedkomande part har nytta høve til å klage på vedtaket, og at klagen er avgjort av høgaste klageinstans som står open (fylkesmannen). Søksmål skal likevel i alle tilhøve kunne reisast når det er gått 6 månadar frå klage fyrste gong blei levert, og det ikkje er grunna forsømming frå klagar si side at klageinstansens avgjerd ikkje føreligg jf. forvaltningsloven § 27.

Med helsing

Knut Bjørnevoll
sakshandsamar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Dispensasjon og løyve på vilkår - gbnr 119/12 Sundsbø - naust m.m.

119-12 Fylkesmannen

119-12 Søknad om dispensasjon

119-12 Uttale vedk dispensasjonssak

119-12 Kart og teikningar

Gamle teikningar - gbnr 119/12 Sundsbø - Riving av naust - nybygg naust

Kopi til:

Hordaland fylkeskommune	Postboks 7900	5020	BERGEN
Bergen og omland havnevesen	Postboks 6040	5892	BERGEN

Mottakarar:

Fylkesmannen i Hordaland
Gunnlaug og Peder Dale

Postboks 7310 5020
Frekhaugskogen 5918
12

Bergen
FREKHAUG